‹STN~BLADET›

INFORMASJONSBLAD FOR
AVLSLAGET FOR SIDET TRØNDERFE OG NORDLANDSFE
NR 3. 1994 ÅRGANG 5



13 år gamle 3 Litaros hos Elisabeth og Amund Wormstrand frå Brandval vart beste ku på jubileumsutstillinga på Røros den 13. august. Far til kua er 9008 Koro. Litaros er mor til seminoksen 9065 Lijo.

JUBILEUMSUTSTILLINGA PÅ RØROS

ÅRETS SEMINOKSAR LITT OM LUS

"LØKKROS ER DØD"

STN

Avlslaget for sidet trønderfe og nordlandsfe

ISSN: 0804-1113

STN-Bladets
postgirokonto: 0824 0157803

HEI !

I dette 3. og siste nummeret av STN-Bladet for 1994, er det sjølvsagt den store jubileumsutstillinga på Røros som er hovudsaka. Men vi har også med omtale av årets seminoksar, og eit par andre småting.

Av bladets lesarar har vi fått ein del forslag i løpet av dette året, og det er vi veldig glad for! Av desse forslaga kan vi nemne: " STN-Bladet i fargar?", " meir informasjon frå styret i avlslaget ", " fôrplanar for STN ". Til det siste må vi seie at vi nok vanskeleg kan gjera noko. Kvart bruk har ulike forutsetjingar både når det gjeld beiteforhold, grovfôrtilgang og -kvalitet, driftsopplegg og ønskemål for drifta. Beste lærdomen får ein derfor gjennom eigne erfaringar og ved å lære av andre. STN-Bladet i fargar? Tja, kanskje. Vi skal i alle fall undersøke nærare prisar, og vurdere det ut i frå økonomi, opplag og prisen på abonnementet. Resultatet skal de få vite i eit seinare nr. av bladet. Når det gjeld meir informasjon frå styret, så er dette noko vi absolutt skal gjera noko med! Styret har svært mange saker til behandling gjennom året som er av interesse for avlslaget sine medlemmar. I dei følgande nr. av bladet vil vi derfor prøve å få med meir av det som styret arbeider med.

Ei opplysning som mange har venta på er i alle fall at ÅRSMØTET i 1995 blir arrangert 24 - 25 mars, i Vestre Slidre i Valdres. Innkalling, med nærare opplysningar, kjem sjølvsagt i STN-Bladet nr 1. i 1995. Vi håpar no i alle fall at Valdrisane møter mannsterke opp, slik at vi får anledning til å bli kjent med brukarane i det området der STN har hatt den største framgangen dei siste åra.

Enn så lenge ønskar vi i redaksjonskommiteen alle våre lesarar ein riktig god vinter, og tvi tvi for eit NEI, NEI og atter NEI til EU !

Liv Torill, Odd og Atle

Redaksjonskommitè:
Atle Meås, Rønningen, 6630 TINGVOLL Tlf: 71 53 15 48
Liv Torill Eide, Fortuna, 2592 KVIKNE Tlf: 62 48 41 95
Odd Rossing, 7633 FROSTA Tlf: 74 80 78 35
Telefax: 74 80 78 35

Abonnement: Kr 100,- pr år: Odd Rossing, 7633 FROSTA postgiro: 0824 0157803

STN SEMINOKSER FOR SESONGEN 1994 - 1995

I fjor ble det forsøkt å gi et bilde av ytelsen til avkommet til de eldre oksene som det framkom på vår dataliste fra husdyrkontrollen. På tross av advarslene om at resultatene var basert på et lavt antall døtre etter hver okse, førte dette til et svært skjevt forbruk av sæd. 9045 Vindøl gikk således ut i et så stort antall at lagret kom under sperregrensen på 300 doser før NRF rakk å reagere. Dette er uheldig av flere årsaker. For det første fører det til at vi får alt for mange kalver etter en og samme okse, og dermed lite spredning av den avlsmessige basen. For det andre blir mulighetene for å få inn oksekalver etter oksen ved en senere anledning redusert, i og med at sædlagret har blitt så lite. Vi må fortsatt sørge for en bredest mulig spredning av oksebruken!

9061 MOEN

Dette var en velbygget, lys svartsidet okse. Mora, 172 Drople, var ei stor, velbygget ku. Juret var stort og litt baktungt. Framspenene var noe lange og grove. 172 Drople er helsøster til 9032 Moen. denne oksen har vært mye brukt, en bør derfor unngå å bruke 9061 til kyr med 9032 nært i stamtavla.



9061 MOEN

9063 ELVEN

Dette er den eneste oksen etter 9012 Josu. Far til 9012, 8991 Kal Bogevoll, er etter 8201 Stasfinn. Dette er samme okselinje som 9004 Selo og 8989 Heid Gravaune tilhører. 8991 var en okse med mange bra kyr etter seg, noe som også synes å være tilfelle for 9012.
9063 Elven er linjeavlet på 9012, idet mormora også er etter denne oksen. Som mormorsmorfar kommer det inn en svensk okse, 8999 Ring. (160 Ring SKB 6468, etter 147 Riss). Bortsett fra morfar 9024 Langen, fører altså denne oksen relativt uvanlig blod, og bør derfor være svært interessant. Mora, 88 Kruslin, var ei typisk ku med bra eksteriør. Juret var derimot ikke av beste merke, og en bør derfor unngå å bruke 9063 til kyr med uheldig jurform.



9063 ELVEN (over) 9095 KNUPP (under)



9095 KNUPP

9095 Knupp er etter den gode svenske oksen 9049 Maro. Maro er i ferd med å få samme status som 9028 Basker og 9030 Bill tidligere hadde i Sverige. Den gir karakteristiske, gjerne små og spe avkom. Mora til Knupp tilhører samme morstamme som 9038 Ruud. (Stammer fra Kari og Leif Kroken på Glåmos.) 9027 Prim er årsak til SLB-delen. Mora var ganske høybeint, men ikke grovbygd. Juret var velformet, men med litt lange framspener.

9098 LURING

Denne oksen ble importert som kalv fra Sverige. Oksen fikk forbyttet navn med en annen importert kalv, og heter egentlig Ture. Faren, 137 Tell, er en av de eldste okser som finnes langtidslagret i Sverige. Morfar, 72 Lager, er en yngre okse etter 8996 Sagar, med bra indeks. Mormorsfar, 148 Tess, er nesten helbror til 137 Tell. Oksene har samme far, 35 Torpe, og mødrene var helsøstre. Vi har derfor også her en linjeavlet okse. Ved å bruke en slik okse på ei ku linjeavlet (dvs innavlet) på en annen stamme, kan man forvente en viss "kryssings-effekt." Luring var relativt lettbygd som kalv. Den tålte dessuten dårlig tre månders karantene, og ble derfor ganske skranglete. Den var også noe kuhaset. Mora er ei normalstor typisk fjällrasku med bra jur og "maskinspener". Den hadde siste laktasjonsår et relativtall for protein (i forhold til besetningsmidlet) på 121.

9103 LILLE KONGE

Denne oksen har den rene norske oksen 9034 Siljar til far, mens morstammen er rent svensk. Mormora er importert fra Rune Bodstrøm, og tilhører hans L - linje. Dette er en av de beste fjällraslinjene i Sverige. De dyra vi har sett i Norge, har hatt veldig flotte jur. Morfar er 9030 Bill. (To gjenglemte doser i inseminørens dunk er årsaken til kuas lave alder.) L Kinga har et noe lavt tørrstoffinnhold i mjølka. Den har imidlertid en meget flat laktasjonskurve med en bra ytelse. En skal også huske på at dette er små kyr på lav kraftfôrprosent. VFB - innslaget stammer fra superoksen Makarios.

9104 KORSAR

Korsar kommer fra Erling Korssjøen på Røros, som er i ferd med å slutte som mjølkeprodusent, og derfor avhender besetningen. Vi har sikret oss denne oksen, samt en oksekalv til fra Korssjøen. Oksen er av det større slaget. Faren 9024 Langen har gitt mange gode mjølkekyr, mens morfar 9005 Mono borger for seighet og utholdenhet. Morstammen strir med et uheldig innslag av en ren frieserokse, og er et godt bevis på hvor lang tid det tar å bli kvitt fremmed blod. 74 Morban er ei typisk, nokså mørk sida ku med godt jur. Spenene er imidlertid noe grove. Se bilde av kua på annen plass i bladet.



9106 SNAPS

Denne oksen hadde, som det fremgår av oksekatalogen, en meget høy 1 - årsvekt på ca 430 kilo. Dette virker svært høyt i forhold til det som har vært målet i senere tid. Mora, 6 Melissa kommer oprinnelig fra Egil Estensen i Brekken. Han hadde endel store kyr, og noe av forklaringen kan ligge her. 9068 Snäpp, som er far til 9106, hadde 8197 Jo Sing som farfarsfar, og Jo Sing var jo også som kjent en meget stor okse. 6 Melissa er ei stor ku med ganske bra jur, men noe lange spener. Mjølkemengden ligger knapt på midlet i besetningen, men forholdet mellom fett og protein er bra, med proteinprosent godt over midlet. Når vi så husker på at farmor til oksen, 50 Henny, hadde ekstremt høyt tørrstoffinnhold i mjølka, vil dette være en interessant kombinasjon i så henseende.

9108 DJUPVIK

oksen kommer fra Jostein Stige i Fauske. Jostein har flyttet til Fauske for ikke så lenge siden, det er derfor ikke noe nordlandsfe i oksen. Dette var også en okse med forholdsvis høy 1 - årsvekt, 410 kilo. Både mor til oksen, 5 Dokka, og oksen selv er typisk svartsidet. Dokka har et bra jur med for rasen svært korte spener. At ytelsen på de første kalvene har vært lav, skyldes for en viss del at Stige har vært på flyttefot, samt at kua har hatt et ugunstig kalvingstidspunkt. Men fra 6. kalven har kua hatt en fin laktasjonskurve med en ytelse på mellom 25 og 30 kilo pr dag. Far til oksen 9038 Ruud var den siste oksen etter 8985 Jo Langen som ble satt inn i semin. Morfar 9032 Moen, har vært en populær okse, og har gitt mange gode kyr. Også denne oksen er 4,6 % SLB, gjennom mormorsfar 9027 Prim. Dette er en oplysning som desverre ikke har blitt med i oksekatalogen.

Jostein Stige og 5 Dokka, mor til 9108 Djupvik

LITT OM LUS

Hausten er fin, synes eg. Dyra er rolege og glade for å koma i hus, iallefall om natta. Men dei fleste er langhåra og sveittar lett, og det gjer forholda gode for lus og anna uty. Særleg kalvar og ungdyr er utsette for angrep av lus. Lus finst i dei fleste norske storfebuskapar og halvparten av alle norske storfehudar har luseskadar! Lusa lagar små sår i det ytre hudlaget. Dette gjer huda ueigna til anilinlær, som er beste kvalitet. Luseskadd hud krev dessutan ekstra behandling, og det aukar kostnadane i garvingsprosessen. Saka har ikkje minst ei dyrevelferdsmessig side, vi kan ikkje vere bekjent av at dyra våre er plaga av lus.

Det er to typar lus som går på storfe i her i landet. Blodlus og pelslus. Blodlusa sug blod gjennom huda, medan pelslusa lever av hår- og hudpartiklar. Dyra opplever dette som ein stadig irritasjon, og syner dette på ymse vis. Kløing, håravfall og skorpedanning kan vera teikn på at dyra er angripne. Likeeins om dei er bustete og utrivelege.

Lusa trivst best der hårlaget er tett, og helst langs ryggpartiet. Området frå øyra og bakover langs nakken og ryggen er difor mest utsett for angrep. Men udyra er ikkje alltid lette å oppdage. Pelslusa har ein gulbrun farge og er ca 1,5 mm lang, medan blodlusa er mørk blå eller nesten svart pga blodet den har soge. Blodlusa kan vere optil 3 mm lang. Det trengs godt lys for å sjå lusa, og ho er lettast å oppdage på kvite hudparti.

Vi har hatt luseangrep i vår eigen besetning, men har funne ut at forebyggande tiltak er effektivt. Klypping ved innsetjing (gjerne etterfulgt av ein god grønsåpevask!) og dagleg puss av dyra er gode forebyggande tiltak. Dersom ein får angrep bør ein kontakte veterinær for å få stilt sikker diagnose og rettleiing i bruk av preparat. Alle lusemiddel er reseptpliktige. Norsk kjøtt har ei nyttig og lærerik brosjyre om lus og luseskadar. Denne kan ein sikkert få tak i gjennom slakteriet eller produsenttenesta (veterinær ?)

Det er ein fryd å koma inn i fjøs med reine, velstelte dyr, fri for uty og med godt klauvstell. Vi som driv med STN får ofte eindel besøk, og korleis dyra er stelt og presenterer seg får ofte innverknad på kva inntrykk tilfeldig besøkande får av rasen. Magre, raggete og skitne dyr med lange klauvar gjer eit dårleg inntrykk. Heldigvis gjeld dette veldig få fjøs, men ein del av oss kunne nok med fordel (og gevinst) halde eit betre auga med lus, andre parasittar og klauvrøkt. Det gjer både dyra, bonden, rasen og besøkande godt!

Ha ein god vinter med mykje kos i fjøset!!

Liv Torill

100 - ÅRS JUBILEET

Som alle no veit, så er det i år 100 år sia den første utstillinga for Sidet Trønderfe vart halden på Røros. Det første avlslaget vart starta året før, i 1893. For å markere dette jubileet vart det den 13. august i år arrangert ei stor mønstring av STN-dyr ved sandtjønna på Røros. Arrangementet starta eigentleg kvelden før, med eit STN-møte på Sangerhuset på Røros. Bine Mellby frå Norsk Landbruksmuseum inleidde om historia til dei gamle norske husdyrrasane og det bevaringsarbeidet som blir gjort frå Norsk Landbruksmuseum si side både når det gjeld gamle storferasar og andre artar.
Nestformann i avlslaget, Leif Gjessing, fortalte om STN-rasen si historie og litt om avlslaget sitt arbeide, no og framover.

Om morgonen den 13. hølja det ned på Røros, så veret var absolutt ikkje ideelt, men utstilling vart det no i alle fall. Til utstillinga på det flotte området ved Sandtjønna var det påmeldt i alt 27 dyr. 21 av desse møtte. Det var jo ein del mindre enn for 100 år sia, da det var 140 innmeldte dyr, men det er i alle fall mange år sia no at det har vore halde ei utstilling som har samla så mange STN-dyr! Og på tross av det hustrie vèret, var det faktisk eit par hundre besøkande som overvar sjået.



Til høgre: På veg til utstillinga, gjennom gatene og ut av byen

Sjølve dømminga av STN -dyr, er det mange som meiner har kome inn i eit feil spor. Kva er det vi vil STN- kua skal vere, og korleis skal ho sjå ut? På utstillingar har det vore ein lei tendens til at store, grovbygde og godt kjøtsette dyr har vorte høgt premierte. Så også denne gongen. Spesielt ille er det når dyr som har ganske stort innslag av framandt blod, store og kjøtfulle, blir trekte fram som " veldig typiske og fine representantar for rasen" Men det er vel ikkje ei NRF-ku med STN-skinn vi vil ha?! Nei, slett ikkje! Nokre av STN-kua sine store fordelar er jo nettop at ho er lita og lett, energisk og elegant. Kanskje burde vi innføre ei maksimumsvekt for STN-kyr??

Dei dyra som kom høgast opp på premielistene var stort sett typiske, fine dyr av ein slik type vi vil at rasen skal vere. Ein fortent 1. premie, og gavepremie frå avlslaget for STN gjekk til Elisabeth og Amund Wormstrand, Brandval for kua Litaros. Denne kua er forøvrig mor til seminoksen 9065 Lijo, og ho ventar sin 12. kalv no på november. I og med denne utstillinga kom Litaros nesten heim att på besøk på sine gamle dagar. Ho er nemleg fødd hos Anna og John P. Tørres på Røros. Som ein kuriositet kan vi nemne at mormorsfar til denne kua var den siste oksen som gjorde teneste i Røros feavlslag (Knoll). Den andre kua som fekk 1

premie var Stina hos Berit og Eldar Staverløkk frå Soknedal. Noko lågare poeng for eksteriør, gjorde imidlertid at Stina måtte sjå seg slått på målstreken av Litaros som beste ku. I klasse 2, kyr utan heilt avdråttsår, fekk Gullros frå Olav Sæther i Soknedal 1. premie, og gavepremie frå utstillingskommiteen. Dette er ei ku som vi naturleg nok veit lite om enda, men det skal bli interessant å sjå korleis ho utviklar seg i åra framover!

Av kvigene var det Fjellros frå Ingulf og Hans Magne Galåen, Røros som gjekk til tops. Mor til denne kviga, 310 Rosa var også på sjået (katalognr 4) og fekk 2. premie. Mora var også den kua som fekk høgaste poengsum for jur, nemleg 4,2. Fjellros fekk gavepremie frå Røros hest- og kreaturforsikringsselskap.

Av spesielle ting vil eg trekke fram dyra til Olga og Erling Korssjøen frå Røros. Olga og Erling gav seg som mjølkeprodusentar no i haust. Dei stilte med det meste av buskapen sin, og fekk 2. premie på alle saman. Godkua deira, Morban, som er mor til seminoksen 9104 Korsar, var faktisk stammor til heile gruppa, i det ho er mor til Fagerlin (katalognr 8) og mormor til tvillingane (katalognr 15 og 17) og kviga Kronkoll (katalognr 24).

Det sure og kalde vèret teke i betraktning, var det ei vellukka jubileumsutstilling for Røroskua som vart avvikla like ved den kjente kvitsanden på Røros. (Eit ørkenliknande geologisk fenomen frå siste istid) På vegne av alle STN - vener vil eg få retta ein takk til utstillingskomiteen for alt arbeidet dei la ned for at denne utstillinga kunne avviklast. Det er inspirerande å teffe folk som driv med det same, utveksle erfaringar, og ikkje minst diskutere avl, eksteriør og ku!!

AM - 94

Olga og Erling Korssjøen med gromkua 74 Morban etter 9005 Mono.

JUBILEUMSUTSTILLINGA PÅ RØROS 13.08.94.

Her følger ei beskriving av dei dyra som var utstilt på Røros den 13. august i år. Kyrne som har katalognummer 1 - 11 vart stilt i klasse 1. Det vil seie vaksne kyr. Klasse 2, førstekalvskyr, har katalognummer 12 - 17. Frå 20 - 26 er klasse 3, kviger. Av kvigene har vi av plasshensyn berre med bilete av dei to som fekk høgast poengsum.

Poengsetting: For klasse 1 blir rekna poeng etter avdrått, samt for jur og kropp/ bein. Midlet for rasen er 4300 kilo mjølk. For dette blir det gjeve 6 poeng. For kvar 500 kilo over eller under midlet blir det eit tillegg/ fråtrekk på 1 poeng. Maksimale poeng for avdrått er 8. For klasse 2 nyttas poeng for jur og kropp/ bein. For klasse 3, poeng for kropp/ bein. Maksimale poeng for jur er 5. Maksimale poeng for kropp/ bein er 10.

Minstekrav til poengsum for premiegrad er:

Klasser	1 premie	2 premie	3 premie
Klasse 1	18	13	8
Klasse 2	11	7,5	5
Klasse 3		7	5

KLASSE 1

Katalognr 1
6 Litaros Fødd: 30.04.81. Hos Anna og John P Tørres, Røros
Eigar: Elisabeth og Amund Wormstrand, Brandval
Far: 9008 Koro Morfar: 8996 Sagar 10 år: 5569 - 4,4 - 3,4
Avdrått: 8 poeng Kropp/ bein: 7,2 poeng Jur: 3,3 poeng Samla: 18,5 poeng og 1. premie.
Omtale: Djupbygd, kraftig ku med godt eksteriør og godt jur.

Katalognr 2
74 Morban Fødd: 13.01.86. Hos: Olga og Erling Korssjøen, Røros
Far: 9005 Mono Morfar: 8998 Koss Varli 6 år: 4075 - 4,5 - 3,4
Avdrått: 5 poeng Kropp/ bein: 8,3 poeng Jur: 3,0 poeng Samla: 16,3 poeng og 2 premie.
Omtale: Meget god rygg og gode bein. Noe store og grove spener.

Katalognr 4
310 Rosa Fødd: 15.10.89. Hos: Ingulf og Hans Magne Galåen, Røros
Far: 9045 Vindøl Morfar: 9019 Femund 2 år: 3611 - 3,9 - 3,0
Avdrått: 4 poeng Kropp/ bein: 7,5 poeng Jur: 4,2 poeng Samla: 15,7 poeng og 2. premie.
Omtale: Lita, nett og harmonisk ku. Gode bein. Meget godt jur og gode spener.

Katalognr 5
49 Fatima Fødd: 31.10.86. Hos: Timm Lemcke, Stadsbygd
Eigar: Kristina Jensen/ Svein Fauskanger, Tolga
Far: 9032 Moen Morfar: 9017 Ikaros 6 år: 4238 - 4,1 - 3,0
Avdrått: 5 poeng Kropp/ bein: 8,5 poeng Jur: 2,5 poeng Samla: 16,0 poeng og 2. premie.
Omtale: Vakker ku med god overlinje. Noe trekk på jur.

Katalognr 6
46 Litagod Fødd: 10.12.90. Hos: Rolf Petter Tørres, Røros
Far: 9061 Moen Morfar: 9035 Korssjøen 1,5 år: 3678 - 3,7 - 3,4
Avdrått: 4 poeng. Kropp/ bein: 6,2 poeng Jur: 2,8 poeng Samla: 13,0 poeng og 2. premie.
Omtale: Litt dårlig hold. Skarp rygg og tynne lår. Kløfta jur.

Katalognr 7
287 Stina Fødd: 03.02.89. Hos: Ivar Midtmoen, Ringebu
Eigar: Berit og Eldar Staverløkk, Soknedal
Far: 9048 Ingo Morfar: 9034 Siljar 3 år: 5373 - 3,7 - 3,1
Avdrått: 8 poeng. Kropp/ bein: 6,8 poeng. Jur: 3,2 poeng. Samla: 18,0 poeng og 1. premie
Omtale: Litt mager og muskelfattig men harmonisk ku. Litt baktungt jur. 1 stor marispene.

Katalognr 8
88 Fagerlin Fødd: 27.01.90. Hos: Olga og Erling Korssjøen, Røros
Far: 9047 Jonasgården Morfar: 9005 Mono 2 år: 3950 - 4,6 - 3,5
Avdrått: 5 poeng. Kropp/ bein: 6,8 poeng. Jur: 3,2 poeng. Samla: 15,0 poeng og 2. premie.
Omtale: Litt tynn, rasetypisk ku. Vakkert jur, men noe lange spener.

Katalognr 9
53 Penkoll Fødd: 14.03.91. Hos: Ane og Lars Bakke, Røros
Far: 9060 Bjøkne Morfar: 9030 Bill 1 år: 3139 - 4,3 - 3,1
Avdrått: 3 poeng. Kropp/ bein: 7,2 poeng Jur: 2,8 poeng Samla: 13,0 poeng og 2. premie.
Omtale: Pen, velskapt ku med gode lår og gode bein. Litt lite framjur.

Katalognr 10
269 Fjellros Fødd: 12.03.90. Hos: Timm Lemcke, Stadsbygd
Eigar: Berit og Eldar Staverløkk, Soknedal
Far: Ukjent Morfar: ukjent 1 år: 4289 - 3,8 - 3,0
Avdrått: 5 poeng. Kropp/ bein: 7,7 poeng. Jur: 3,5 poeng Samla: 16,2 poeng og 2. premie.
Omtale: Stor, djup ku med bra bein. Godt jur, men litt liten speneavstand. 2 marispener.

Katalognr 11
105 Martna Fødd: 23.02.89. Hos Randi Sandnes/ Marcus Becker, Glåmos
far: 9048 Ingo Morfar: Ukjent 2 år: 4249 - 4,0 - 3,2
Avdrått: 5 poeng. Kropp/ bein: 8,5 poeng. Jur: 2,8 poeng. Samla: 16,3 poeng og 2. premie.
Omtale: Svært stor, vakker ku. For kort jur og lange spener.

KLASSE 2

Katalognr 12
178 Gullros Fødd: 01.11.91. Hos: Harald Rognes, Rognes
Eigar: Olav Sæther, Soknedal
Far: 9058 Havdal Morfar: 9047 Jonasgården
Kropp/ bein: 7,8 poeng. Jur: 3,8 poeng. Samla: 11,6 poeng og 1. premie.
Omtale: Velskapt ku med god bredde og lengde. Svært godt jur med fine spener.

Katalognr 14
270 Seterlin Fødd: 18.07.92. Hos: Arne Ansnes, Ansnes
Eigar: Berit og Eldar Staverløkk, Soknedal
Far: 9066 Miro Morfar: 9039 Ramik
Kropp/ bein: 6,5 poeng. Jur: 3,3 poeng. Samla: 9,8 poeng og 2. premie.
Omtale: Lita, nett ku med litt baktungt jur.

Katalognr 15
93 Litago Fødd: 14.03.92. Hos: Olga og Erling Korssjøen, Røros
Far: 9065 Lijo Morfar: 9047 Jonasgården (Tvilling med katalognr 17)
Kropp/ bein: 6,5 poeng. Jur: 3,2 poeng. Samla 9,7 poeng og 2. premie.
Omtale: Litt lite utvikla tvillingku.

Katalognr 16
52 Snøgås Fødd: 18.10.91. Hos: Rolf Petter Tørres, Røros
Far: 9063 Elven Morfar: 9043 Harsjøen
Kropp/ bein: 6,0 poeng Jur: 3,3 poeng Samla: 9,3 poeng og 2. premie.
Omtale: Smal og skarp, litt lite kjøttsatt ku. 1 mellomspene, ellers bra jur.

Katalognr 17
94 Penkoll Fødd: 14.03.92. Hos: Olga og Erling Korssjøen, Røros
Far: 9065 Lijo Morfar: 9047 Jonasgården (Tvilling med katalognr 15)
Kropp/ bein: 6,5 poeng. Jur: 3,2 poeng. Samla: 9,7 poeng og 2. premie.
Omtale: Litt lite utvikla tvillingku.

KLASSE 3

Katalognr 20
393 Fjellros Fødd: 28.12.92. Hos: Ingulf og Hans Magne Galåen, Røros
Far: 9065 Lijo Morfar: 9045 Vindøl
Kropp/ bein: 8,3 poeng og 2. premie
Omtale: Godt muskelsatt, pen kvige.

Katalognr 21
279 Sæterros Fødd: 21.07.93. Hos: Paul Lindvåg, Halsanaustan
Far: 9018 Sæther Morfar: 9053 Rønningen
Kropp/ bein: 7,3 poeng og 2. premie.
Omtale: Velskapt kvige som vil vokse seg fin.

Katalognr 22
179 Kultura Født: 11.04.93. Hos: Ane og Lars Bakke, Røros
Far: 9073 Miramis Morfar: 9030 Bill
Kropp/ bein: 7,3 poeng og 2. premie.
Omtale: Pen høgstilt kvige med godt kjøttsett rygg. Litt lite utviklet.

Katalognr 24
96 Kronkoll Født: 03.03.93. Hos: Olga og Erling Korssjøen, Røros
Far: 9038 Ruud Morfar: 9047 Jonasgården
Kropp/ bein: 7,8 poeng og 2. premie.
Omtale: Pen kvige med meget god overlinje.

Katalognr 25
171 Lilje Født: 03.12.92. Hos: Randi Sandnes/ Marcus Becker, Glåmos
Far: 9073 Miramis Morfar: 9050 Engan
Kropp/ bein: 7,5 poeng og 2. premie.
Omtale: Velskapt, men litt kuhasa kvige.

Katalognr 26
111 Dagros Født: 14.06.93. Hos: Paul Lindvåg, Halsanaustan
Far: 9071 Åsheim Morfar: 9057 Arik
Kropp/ bein: 6,8 poeng og 3. premie.
Omtale: noe tynne lår og krokete haser, ellers ei pen kvige.

Her er dommarane i gang med døminga av "Korssjø-tvillingane", Litagod og Penkoll.
I bakgrunnen ser ein den ørkenaktige "Kvitsanden"








7


10

9


8


11


12


14

15

16


17


20


24

STN I NORD - NORGE

Som vi har fortalt tidlegare, har Odd Rossing vore på ei lang rundreise i Nord-Noreg for å sjå på STN-dyr i sommar. Denne turen har han skrive ei reiseskildring frå som vi vil ha med i bladet i neste nummer. (Nr 1 1995)

Enn så lenge får dette bildet frå verdas nordlegaste STN-buskap (?), hos Wirkola og Jenssen i Lebesby i Finnmark representere STN-kua i nord. Garden til Wirkola og Jenssen ligg på 70 grader og 34 minútt nordleg breidde, ikkje langt frå Nordkinnhalvøya. Til samanlikning kan vi nemne at Nordkapp ligg på 71 grader og 10 minutt nordleg breidde!

Den kvite kua som Wirkola står ved sia av, er forøvrig ei dotter etter 9043 Harsjøen.



STN - OKSE TIL SALGS

Oksen er 100% ren STN, og er født 9. september i 1993. Far til oksen er 9087 HARG. Mor er 153 Tyri. Morfar 9079 KARK (Stambokført gardsokse). Mormorsfar er 9043 HARSJØEN.

Henv.: Geir Grosberg, Kvikne, 2640 VINSTRA TELEFON: 61 29 50 49

"LØKKROS ER DØD"

(Adressavisen 23.03.1937.)



Løkkros I 1781. Fot. 1936. W. W. Christie.

" Førstepremiekua Løkkros hos Bernt Reitstøen i Singsås - en av landets beste smørkyr - er krepert. - Kua nedkom for et par dager siden med en vakker oksekalv, og alt så ut til å gå bra. Men da man i går morges kom ut i fjøset, lå kua død på båsen. Dyrlægen som blev tilkalt konstaterte akutt kalvingsfeber som dødsårsak. Eieren lider et betydelig tap da kua - som var 10 år - bare var assurert for 300 kroner. Han har dog en del avkom som ser ut til å arve ned de gode egenskaper, særlig den høie fettprosent. Reitstøen har nylig hatt besøk av svenske opkjøpere som også interesserer seg for denne kvegrase. Løkkros hadde en fettprosent på omkring 7."

Denne notisen sto altså i Adressavisen i mars i 1937. Ein kan undrast på kva ei ku skulle gjera i dag for å få seg ein tilsvarande nekrolog? Dette viser vel også at landbruket og husdyra var mykje nærare i folk si bevisstheit den gongen enn det er i dag. Men historia om Løkkros er meir enn denne dramatiske slutten. Ho hadde nemleg ein son, 1631 Ruggen, fødd i 1935 som vart avlsokse i Dalselven feavlslag på Røros. Ruggen fekk 1. premie i 1938, og hadde mange stambokførte søner. Ein av desse, 4603 Lubben Hårstad, vart farfar til 8201 Stasfinn, og dermed opphav til ei av dei okselinene vi har i dag. (Sjå STN-Bladet nr 3 - 1992) Ein av årets seminoksar, 9063 Elven, stammar på farsida direkte ned frå denne kua, sjølv om det er 7 generasjonar mellom dei.

Løkkros 1781 var fødd 5. april i 1927. far var ein gardsokse etter 635 Hardråde, og mora heitte Morkoll og var etter ein okse som heitte 395 Aslak. Løkkros fekk 1 premie både som individ og for høg avdrått på eit fesjå i 1936. Ho fekk denne omtalen: "Middelstor, dyp ku med meget god overlinje, bra lår og velstilte bein."
Vi har tal for to heile avdråttsår, nemleg 1935 og 1936. Da mjølka Løkkros i gjennomsnitt 4408 kilo mjølk, og feittprosenten var fantastiske **7,13** ! Om vi reknar at proteinprosenten var 3,4 (for å vere forsiktige) ville dette tilsvare 6002 kilo energikorigert mjølk (EKM).

C

Returadresse:
STN-Bladet
v/ Liv Torill Eide
2592 KVIKNE



1631

RUGGEN

Son av Løkkros 1781. Ruggen vart fødd 1. mars 1935 og seld 19. juni 1936 for 1700,- kroner til Dalselven feavlslag på Røros. Han fekk denne beskrivinga i 1938: " Svartsidet, middelstor okse med god lengde, dybde og bredde, god overlinje, gode lår og velstilte ben. Brystomfang 195 cm.

Ruggen fekk desse premiane: Bevaringspremie, Singsås 1936
2. premie, Meldal 1937
1. premie, Røros 1938

Oksen vart slakta 25. oktober 1940, " da den var blitt olm og farlig for folk"
Far til oksen var 1413 Hårfager II, ein okse fødd hos Kristoffer A. Sundt i Brekken.

Ruggen vart aldri den toppoksen som den hadde alle forutsetjingar for å bli, ut i frå den gode avstamminga og det fine eksteriøret. Men han hadde likevel betydning for rasen, i og med at han vart stamfar til ei av dei okselinene vi har i dag, gjennom sonen 4603 Lubben Hårstad.

STAMBOKFØRT AVLSOKSE TIL SALGS

Gardsoksen 9107 LØIN er til salgs. Oksen er importert fra Karl Gustav Hedling, Orsa i Sverige. Faren er 65 LUR SKB 6547, en eldre, langtidslagret svensk okse som ikke er i slekt med noen SKB okser som har vært brukt i Norge. Mor til Løin er 131 Nina etter 175 JO MOEN. ("Sveriges vakreste fjällko!").

Kontakt: Elisabeth og Amund Wormstrand, 2263 BRANDVAL. Tlf: 628 25130.